

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 29.09.2022**

Dok. ref.:		Møtedato/ Tid:	29.09.22 18:00
Stad:	Kolltveit skule	Møtenr.:	3/2022
Referent:	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
Til stades:	Anne-Helen Skjold Wiig, Anne Haugro, Anne-Lise Hjartåker, Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Sølvi Kobbeltvedt, Lise Bland, Odd Erik Kjeldstad		
Forfall:	Elevrådsrepresentantane		

SAKSLISTE

Tema	Beskrivelse	Oppfølg.
Faste saker		
Saker frå skulen	Skulestart <ul style="list-style-type: none">Tilsettere representantane orienterte om skulestart og at det i år hadde vore ein veldig fin start. Det har vore travel, men godt ver har ført til at elevane har vore mykje ute både på skulen og på SFO. På SFO er organiseringa tilbake til normalen etter pandemien, noko som betyr at elevar kan leke med kvarandre på tvers av grupper og at søsken kan vere saman om dei ynskjer det. Det er eit godt samarbeid mellom skule og SFO, noko som gjer det enklare å tenkje heilskapleg for elevane gjennom skuledagen. Rektor opplever å ha blitt teke godt imot og at Kolltveit skule er ein god plass å vere. Vidare at han er imponert over kor profesjonaliteten dei tilsette utøver i arbeidet under forholdsvis kummerlege tilhøve. Då er det særleg forholda kring arbeidsplassen til dei tilsette det er snakk om. Rektor formidla og at han er overraska over kor dårleg det står til med kvaliteten på ein del av bygningsmassen på skulen og at det hastar med å få gjort noko med dette. Foreldre representantane uttrykte ynskje om meir uteskule. Lærarane formidla at skulen har mykje uteskule, men vi har ikkje full oversikt over omfanget. Dette blir sak på neste møte. Då vil skulen gjere reie for status på Kolltveit. Utbygging av skulen. <ul style="list-style-type: none">Rektor orienterte om status for utbygging av skulen. Det ligg inne 8. million i investeringsbudsjettet og prosjekteringa er ferdig. No ventar vi på priskalkyle for skisseutkastet som føreligg. I korte trekk er prosjektet skalert ned til ei rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, noko som vil betre arbeidstilhøva for dei tilsette på skulen. Vi treng og ei opprusting av utstyret	Rektor Rektor/ Leiing Rektor

	<p>her på skulen og vi må tenke sambruk av elevrom for å kunne gjennomføre god undervisning i praktisk estetiske fag.</p> <p>Skolefotografering.</p> <ul style="list-style-type: none"> Skulen er ikkje nøgd med fotograf som utfører skulefotografering. Det er særleg kvaliteten på bileta som ikkje når opp. Vi ynskjer i tillegg å endre tidspunkt for fotografering til tidleg haust i staden for vår. Då vil vi få med førsteklassingane. I tillegg ynskjer vi skulekatalog. Foreldrerepresentantane var samde, og ynskjer at skulen gjer vurderinga knytt til dette. 	Anne-Helen
Saker frå FAU	<p>Merking av gymsal</p> <ul style="list-style-type: none"> Foreldrerepresentantane etterlyser oppmerking av gymsal. Det at gymsalen er umerka er særleg utfordrande for elevar med dårleg syn. Dette er ei sak som har vore teke opp tidlegare utan at det er gjort noko så langt. Samstundes vart det teke opp problemet med vedlikehald av skulen og politisk representant orienterte om at dette er eit generelt problem i kommunen. Politisk nivå har etterspurt ei kartlegging om status for vedlikehaldet i kommunen. Rektor vil melde inn saka til eigedomsavdelinga. <p>Dårleg Lukt på do i jentegarderoben ved gymsal</p> <ul style="list-style-type: none"> Føresettere representantane melder om at elevar reagerer på vond lukt i jentegarderoben ved gymsal. Skulen vil kartlegge tilhøva og melde tilbake om status til SU på neste møte. <p>Temakveld.</p> <ul style="list-style-type: none"> Føresettere representantane tok opp gjennomføring av ei eventuell temakveld for føresette på skulen. Det har vore arrangert temakveldar på skulen her tidlegare, då gjerne med barnevakta eller andre eksterne aktørar. Tema som vart nemnt er bruk av sosiale medium og/eller psykisk helse i skulen. Skule og FAU tek dette opp behov og forslag på tema kvar for seg så vert temakveld sak på neste møte <p>○</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor/ tilsette- representant og FAU</p>
Saker frå Elevrådet	Elevrådet var ikkje til stades på møte.	Rektor
Saker frå SFO	<p>Smørelunsj på SFO</p> <ul style="list-style-type: none"> SFO-leiar informerte om praksis for gjennomføring av smørelunsj på skulefritidsordninga. Dette er eit særleg populært tiltak for elevane og SFO ynskjer å halda fram med ordninga. For at SFO skal halda fram er det naudsynt å auka opp prisen frå kr. 75,- pr. barn til kr. 100,- pr. barn. Kostnadsauken er begrunna i prisstigninga og at tiltaket må finansierast utanom den ordinære drifta. Samarbeidsutvalet vedtok endringa og at vedtaket blir gjeldande frå 1. oktober. Vedtak: Pris for matpengar til smørelunsj på SFO vert kr. 100,- pr barn, gjeldande frå 1. oktober 2022. Det vert ikkje søskenmoderasjon og foreldre blir fakturert for 11 mnd. kvart år. 	SFO-leiar